

Varsel om freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19

GJENNOMGANG AV MERKNADER

Varsel om freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19

Avsendar	Merknad	Vurdering /svar til merknad	Justering av forslag
Johannes Hundseid og Anita Sørheim Hundseid Gnr. 36 bnr. 10	<p>Er uroa over handlingsrommet til å drive og vidareutvikla gardsdrifta på Stødleterrassen. Grunneigar ser freding som ei forsterking av ei negativ utvikling for jordbruket som også skuldast at industri og handel i Etne har teke mykje jordbruksareal dei siste åra.</p> <p>Grunneigar reknar med at planane om ny europaveg gjennom bygda vil legge beslag på ytterlegare jordbruksareal.</p> <p>Grunneigar ser med stort sannsyn for seg følgjande konsekvensar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Foringa verdiar <ul style="list-style-type: none">• Meir omfattande og kompleks saksgang	<p>Freding av Stødleterrassen skal ikkje vera til hinder for pågåande og/eller rasjonell drift på område som ikkje kjem i konflikt med kjente kulturminneverdiar. Fredinga etter kulturminnelova § 19 vil være ei sikring mot at industri og handel kan endre landskapet på Stødleterrassen i vesentleg grad. Det er Etne kommune som planmynde som har ansvar for å sikre jordbruksareal i bygda gjennom relevant lovverk.</p> <p>Statens Vegvesen har i si høyringsfråsegn meldt at dei vil ta omsyn til dei delane av Stødleterrassen som er i fredingsforslaget, i sine vegprosjekt framover. Viser elles til ovafor.</p> <p>Til kvart-kulepunkta:</p> <ul style="list-style-type: none">• Det vert lagt til grunn at det er tale om økonomisk verdi. Utgreiingar utført av m.a. Menon Economics viser at dette ikkje er tilfelle, og at tilfellet truleg er det motsette. Fleire rapportar viser til ein samanheng mellom kulturminneverdi og økonomisk verdi. Rapportane kan lesast på Riksantikvaren sine heimesider:<ul style="list-style-type: none">• https://www.riksantikvaren.no/Aktuelt/Nyheter/Verdien-av-kulturarv• Saksgangen kan verte noko meir kompleks i byrjinga, men neppe i ein slik grad at den vil påverke jordbruksdrifta. For å minimere effekteneeffektivisere	<p><u>Inga justering av fredingsforslaget.</u></p> <p><u>Inga justering.</u></p> <p>Til kvart-kulepunkta:</p> <ul style="list-style-type: none">• Inga justering.

	<ul style="list-style-type: none"> • Uvisse kring avgjerdslar, løyver og dispensasjonar • Høgare kostnader for å tilfredsstille kulturminnelova <p>Merkjer seg at areal utan kjente funn eller bevarte kulturminne, nord på Stødleterrassen, og ved tuna på Sørheim og Austrheim, ikkje vert omfatta av områdefredinga. Meiner at same argument og må gjelda for 36/10.</p>	<p>prosessane skal det utarbeidast forvaltingsplan i samarbeid med grunneigarar og lokale styresmakter. Når denne ligg føre vil truleg-vilkåra være føreseielege.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Feltet kan opplevast som komplekst å setje seg inn i. Likevel trur vi at langsiktig forvaltning støtta av ein forvaltingsplan kan avklare ei rekke tiltak på førehand. Samla sett kan enkelte tiltak verte meir uoversiktlege, medan andre kan verte enklare å i gå gang med. • Dei største kostnadene er truleg knytt til undersøkingsplikta som er heimla i kulturminnelova § 9. Denne plikta er alt verksam, uavhengig av spørsmålet om freding etter § 19. For fordyrande vilkår i framtid, som kan verte stilt av kulturminnemynde til dispensasjonssøknader som vil gjelde §19-freding, har søkjar krav på økonomisk godtgjerdse frå kulturminnemynde. Denne kompensasjonen skal minimum være 50 % av kostnad. <p>Det er teke ut ein del areal etter innspel frå Etne kommune i tidligaresiste høyringsrunde. Etne kommune har lagt opp til at kulturminneverdiane knytt til desse areala handsamast etter plan- og bygningslova.</p> <p>Formålet med fredinga etter § 19₁ er å sikre opplevinga av kulturminna på Stødleterrassen i eit landskap, og å sikre kjeldepotensialet på Stødleterrassen. Etter dei reduksjonane som er gjort etter medverknaden-innspel frå lokale styresmakter i førrige sist høyringsrunde, er arealet som no vert lagt fram til høyring for freding etter kulturminnelova § 19 eit minimumsareal.</p> <p>Det er kjente funn både sør, vest og nord for 36/10. Då vil å ta ut gnr. 36/10 av fredingsforslaget vil ikkje vera i tråd med intensjonen for bruk av §19 i kulturminnelova. Det er vårt syn at eit fredingsområde må hegna om verdiane og landskapet dei ligg i og dette gjev som konsekvens at</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det skal utarbeidast Forvaltingsplan i samråd med grunneigarar og lokale styresmakter. • Jf. kulepunkt ovafor. • Inga justering. <p>Inga ytterlegare justering.</p>
--	---	--	---

	<p>Heile eigedomen gnr. 36 bnr. 10 er undersøkt.</p> <p>Viser erfaringsvis til eit lite potensial for fornfunn då området har vore utmark mest fram til 1930 –talet.</p> <p>Det er ikkje gjort kjent funn eller bevarte kulturminne som gjev heimel til å kunne frede eigedom gnr. 36 bnr. 10.</p> <p>Ber fylkeskommunen om følgande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utelat eiendom Gnr: 36, Bnr: 10 i Etne kommune fra fredningsforslaget som ikke har tilknytning til kjente eller bevarte kulturminne jf. §2. 	<p>36/10 blir ein del av fredingsområdet. Dette skal samstundes ikkje vera til hinder for drift, og utvikling av rasjonell drift, ei drift som ikkje påverkar kulturminneverdiene vesentleg. Dette er det tatt høgde for både i skildring av forslag til freding, og i fredingsføresegner.</p> <p>Det rette er at dei delane av gnr. 36 bnr. 10 som er utanfor det foreslått freda området regulert til masseuttak i reguleringsplan, er undersøkt. Den delen av gnr. 36 bnr. 10 som ligg i det foreslått freda arealet er ikkje undersøkt.</p> <p>Ei fagleg vurdering er at området har potensiale for funn, men at potensialet vil variere etter kor ein er på eigedomen. Det er tidligare gjort funn på gnr. 36 bnr. 10 si utmark, utanfor arealet som er foreslått freda.</p> <p>Bruken av kulturminnelova § 19 har to formål. Det skal vernast eit område kring dei mange og framstående kulturminne på Stødleterrassen, og eit kunnskapstilfang knytt til eit funnpotensiale skal sikrast. Det er dermed ikkje trong for konkrete funn av kulturminne på gnr. 36 bnr. 10 for å kunne nytte kulturminnelova § 19 for denne eigedomen, men potensialet for funn er stadvist høgt også her.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi viser til merknader ovafor. Innspelet kan vert ikkje taekaste til følgje, grunna formålet med fredinga. • Det er gjort nøyve vurderingar av spørsmålet, og området er redusert frå fyrst 1100 da _til 700, og til sist til 520 da. Dette er eit minimumsareal, om formålet med fredinga skal ivaretakast. 	<p>Inga justering, tredje kulepunkt til etterretning.</p>
--	---	--	---

	<ul style="list-style-type: none"> • Se nærmere på de enkelte eiendommene i fredningsforslaget for å ytterligere redusere omfanget for å verne om identiteten i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. • Ta ansvar for allerede kjente og bevarte kulturminne. Kulturminneloven tydeliggjør at det er et nasjonalt ansvar å bruke eksisterende kulturminne som vitenskapelig kildemateriale. I kor stor grad blir dette gjort? 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjeldemateriale til kjende og bevarte kulturminne vert sikra av museumsinstitusjonar, eller ved å bevarast på staden. I det siste tilfellet er freding etter kulturminnelova eit av verkemidla, som i dette tilfellet. 	<p><u>Inga justering.</u></p>
<p>Tove og Anders Aune Gnr. 34 bnr. 4</p>	<p>Potensialet for nye funn er minimale for området, som skal være djupdyrka og planert i «moderne tid».</p> <p>Områdefredinga vil gje auka byråkrati og lokal frustrasjon.</p> <p>Fredningsforslaget vil resultere i detaljstyring og byråkrati som vil føre til redusert eller nedlagt drift for landbruket i området,</p>	<p><u>DFylkeskonservator viser til at det</u> er kjent automatisk freda kulturminne inne på bruket i form av gravfelt. Fagleg vurdering tilseier at området har potensiale for nye funn. Vidare er eitt av føremåla med områdefredinga å ta vare på opplevinga av landskapet kulturminna ligg i. Kulturminnelova gjev ikkje tilstrekkeleg vern av dei større samanhengande kulturminneverdiane utan ei områdefreding etter § 19.</p> <p>Høyrings- og medverknadsfasen i denne saka har vore grundig, og <u>berre kun</u> 2 av 16 grunneigarar har <u>no</u> gjeve fråsegn. Det tyder på at synet ikkje har sterk forankring. Fylkeskonservatoren er likevel samd i at unødige kvardagslege hinder ikkje er ynskjeleg. <u>Vi, me</u> legg difor ikkje opp til ei detaljstyring slik det vert framstilt. Det kan verte noko uvant sakshandsaming i byrjinga, men i eit freda område vil det etter kvart kunne verte mindre byråkrati, då rammene er klare og føreseielege. Utarbeiding av Forvaltingsplan, i samråd med grunneigarar og lokale styresmakter, har som særskilt målsetting å minimere denne konsekvensen.</p> <p><u>Fredinga legg opp til at landbruket skal ha same driftsvilkår som i dag — noko som grunneigar viser til må skje i samsvar med kulturminnelova. Tiltak i og nær automatisk freda kulturminne er også i dag regulert ved aktuelle paragrafar i kulturminnelova, og skal handsamast</u></p>	<p>Forvaltingsplan skal utarbeidast i samråd med lokalsamfunn og lokale styresmakter.</p>

attgroing av areal og tap av kulturminne og kulturlandskap.

Alt ein skal til med av tiltak vil verte detaljstyrast frå fylkeskommune. Det medfører vesentleg ekstrakostand for drifta, og sakshandsaming tek urimeleg lang tid og gjer det vanskeleg å følgja eigen driftsplan.

Området som er foreslått freda inneheld ein urimeleg stor andel av fulldyrka mark. Dette er noko av Hordalands beste og mest produktive jordbruksland.

Konsekvensane for landbruk og næring knytte opp mot landbruk er ikkje tatt omsyn til. Etne er ein kommune med relativ få arbeidsplassar, og landbruk er ei særskild viktig næring for kommunen og regionen.

Dette vil vera starten på ei sakte nedlegging av landbruk og attgroing av kulturlandskap.

~~av landbrukskontoret i første instans. Fredinga i seg sjølv endrar ikkje saksgangen i forvaltninga av landbruket på Stødleterrassen. I hovudsak er det landbrukskontoret som handterer spørsmål kring tiltak og landbruksdrift og på Stødleterrassen.- Både grunneigar og kommunen vil måtte ta omsyn til fredinga, når dette er aktuelt, men § 19 vil i seg sjølv ikkje verka til nedlegging av bruk eller tap av kulturminne.~~ For dette vil ikkje områdefredinga gje vesentleg forvanskning ~~eller forenkling~~. Det er vanskeleg å sjå føre seg at områdefreding etter kulturminnelova § 19 skulle føre til nedlegging av bruk eller tap av kulturminne.

Vi kan ikkje sjå fordyrande konsekvensar som følgje av fredingsvedtak etter § 19 i seg sjølv, og svarfristar for handsaming av saker etter kulturminnelova er sett i forvaltingslova. Merknaden har ein prinsipiell karakter, og går vidare enn saka som her er til vurdering. Sjå svara ovafor.

Storleiken på arealet er redusert ut i frå vekting av vår faglege vurdering og mottekne merknader. Det viser seg at både dyrka mark og utmark har eit ~~stort høgt~~ potensiale for funn. Me meiner likevel at omsyn til dagleg drift i landbruket er imøtekome, både i føresegner og i spørsmål om utstrekning.- Arealet er redusert i to omgangar, til under halvparten av det opphavlege forslaget. Faglege argument viser at området no er eit minimumsareal. Det er ynskjeleg at jordbruket på Stødleterrassen held fram.

Høyringsfasen er arenaen der desse spørsmåla vert vurdert, ved at landbruksaktørane, sand- og grusnæringa og lokale styresmakter og andre aktørar, gjev sine syn til kjenne. Fleire av innspela frå grunneigarane på Stødleterrassen er teke omsyn til i fredingsføresegnene., t.d. Det er og godkjent reguleringsplan for vidare uttak og avslutning av sandtaka.

Erfaringsvis er det ikkje noko samanheng mellom freding og nedlegging av drift. Påstanden er ikkje grunngeve, og er vanskeleg å svare på.

Ein bør søkja samarbeid med grunneigarane og einast om ein skjøtselsplan for dei kjende kulturminna me har.

Bakgrunn for områdefreding er oppfatta som i første rekkje å stogga eller avgrensa masseuttak frå terrassen. Dette kan gjerast med heilt andre midlar og med langt mindre konsekvensar for anna nærings og private interesser i området.

Vern av dei kjende kulturminna er allereie tilstades og tilstrekkeleg. Resten av arealet bør takast ut av planen. Sekundært bør all djupdyrka areal, samt bebygd areal med naturleg utviklingsareal takast ut av planen.

Fredinga i si omfang og form står i sterk kontrast til signal frå regjering og storting om økt lokalt sjølvstyre.

Det skal lagast forvaltingsplan. Der vil skjøtsel inngå i arbeidet. Om skjøtselsplan skal være eit eige dokument, eller integrert i forvaltingsplanen ligg til det prosjektet å avklare i eit samarbeid med grunneigarane.

Utgangspunktet for oppstart av freding er ikkje utelukkande knytt til uttak av sandressursar. Desse utgjør likevel ein viktig del av saka. Det er gjort stor reduksjon i omfanget til fredingsforslaget, etter innspel frå grunneigarar, sand- og grusnæringa og Etne kommune. I det framlagte forslaget til freding etter kulturminnelova § 19 er det no godt samsvar mellom område regulert til sand- og grusuttak, og fredingsforslaget. Etne kommune har foreslått å regulere deler av området til omsynssone etter plan- og bygningslova. Det reviderte forslaget til områdefreding etter kulturminnelova § 19 har teke omsyn til dette.

Fredinga skal ikkje vurderer enkeltminne for seg sjølv, men sikra samanhengen mellom dei og området dei ligg i. Med omsyn til kor tilstrekkeleg vern av kulturminna er på Stødleterrassen viser me til brev frå Riksantikvaren i 2004, der dei ber om at Hordaland fylkeskommune startar arbeidet med freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19.

Nasjonale mål om lokalt sjølvstyre er ikkje motstridande med omsyn til freding etter kulturminnelova. Fredingsforslaget sitt omfang slik det ligg føre no, er meir enn halvert i omfang, og deler av området er no tenkt forvalta av lokale styresmakter. Denne saka viser at det er teke omsyn til lokale ynskje om lokalt sjølvstyre, og omfanget og organiseringa av vern av landskapet på Stødleterrassen reflekterer no korleis lokal medverknad har forma saka. Det kan ikkje sjåast sterk kontrast mellom freding etter kulturminnelova § 19 og omsynet til lokalt sjølvstyre.

Det vil verte laga Forvaltingsplan for området, der skjøtsel vil være ein viktig del av arbeidet.

Dei areala som er teke ut av forslaget til freding har Etne kommune foreslått å regulere til omsynssone. Hordaland fylkeskommune vil rådgje i det arbeidet.

[Inga justering, men Riksantikvaren tek den endelege avgjersla.](#)

Deler av området som tidligare var foreslått freda etter kulturminnelova § 19, er

		<p>Ved større endringar, t.d. sær s djuptgåande grøfting, større masseflyttingar eller nybygg, vil skjæringspunktet mellom tiltak og kulturminne verte sterkare regulert. For å minimere umaken ved dette, og gjere rammene for drift av areala meir føreseielege, skal det lagast ein forvaltingsplan, der målsetningane er å få godt og effektivt samspel for vidare drift av jordbruk på Stødleterrassen. Grunneigarane og lokale styresmakter vil vere med i dette arbeidet. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune har gjort vedtak om at Etne kommune og grunneigarane vert fulgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området. Dette harmonerer med grunneigar sitt ynskje om gode skjøtselsplanar for dei kjende kulturminna i området, og innspela vil verte sett i samanheng. Vidare saksgang og dialog med partane vil avgjere om Forvaltingsplan og Skjøtselsplan er mest tenleg utforma som eitt eller to dokument.</p>	<p>det no tenkt at Etne kommune sjølv skal ta ansvar for ved bruk av plan- og bygningslova.</p>
<p>Fikse næringsutvikling, tidligare Etne Næringsutvikling.</p>	<p>Ser at fredingsforslaget er redusert til 521 da. Er til dette høyringsforslaget i hovudsak av same syn som sist: primært negativ til freding, viser til at kulturminna alt er freda, og at plan- og bygningslova er eit veileigna verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området.</p> <p>Nedanfor er merknadene frå Etne næringsutvikling frå høyringa i 2010. Synspunkta er handsama punktvis, med tilsvar i høgje kollonne.</p> <p>Manglande konsekvensutgreiing for næringsliv. Det vert vist til forvaltingslova § 17.</p>	<p>Høyringsinnspelen er svært kort, manglar grunngeving, og kan kanskje ikkje seiast å vere ei realvurdering av det nye forslaget. Saka kunne vore betre tent med konkrete vurderingar av det framlagte høyringsforslaget. Grunneigarar og selskapa som driv med sand- og grusutvinning har for sin del gjeve detaljerte innspel. Deira synspunkta er vurdert.</p> <p>Merknaden frå Fykse næringsutvikling kan tyde på at den reelle motsetninga er mindre etter at arealet er redusert til 521 da.</p> <p>Dette er ikkje ein reguleringsplan etter plan- og bygningslova, der det er krav til konsekvensutgreiing. Konsekvensane skal i ei fredingssak kome fram i høyringsprosessen, <u>og forslagstillar må utgreie dei konsekvensane som er aktuelle.</u> I saka er det kome fram</p>	<p><u>Deler av området som tidligare var foreslått freda etter kulturminnelova § 19, er det no tenkt at Etne kommune sjølv skal ta ansvar for ved bruk av plan- og bygningslova. Jf. elles høyringssvara ovafor.</u></p>

Manglande plan på avbøtande/
kompenserande tiltak. Det [visestvisast](#) til
fleire næringar. Sandnæringa vert framheva
til slutt.

at det er stilt spørsmål til vernet sitt konfliktpotensiale for dei eksisterande næringane landbruk, veg og va/leidningsnett, [samt sanduttak.](#) For dei [første næringane](#) er [konsekvensane kjende og](#) teke omsyn til [v,](#) ved reduksjon av området, justering av fredingsforskrifter for infrastruktur, og at det skal utarbeidast ein forvaltingsplan i samarbeid med grunneigarane. [Sanduttaksnæringa arbeider utanfor arealet som no er foreslått freda, og vi er ikkje kjent med planar om sanduttak i det foreslått freda området. I Miljødepartementet si avgjersle i motsegnssak til masseuttak på gnr. 36 bnr. 5 og 10 i 2001 heiter det at vidare sanduttak ikkje vil være i tråd med nasjonale interesser. Vedtaket tilseier at næringa ikkje er tiltenkt ei stor rolle i det foreslått freda området i framtida. Det skulle dermed ikkje være naudsynt med vidare utgreiing av temaet. At arealet som er foreslått freda er uregulert peikar også i retning av at det ikkje er trong for ytterlegare utgreiingar. Hadde arealet vore regulert til t.d. næring ville spørsmålet vore meir aktuelt.](#)

Det er i utgangspunktet ikkje slik at freding etter kulturminnelova gjev rett til kompensasjon. Det er likevel ulike støtteordningar ein kan søkje på, som vert utløyst av freding.

Miljøverndepartementet har i brev av 9.oktober 2001 med avgjersle i motsegnsak til massetak på gnr 36, bnr 5 og 10 slått fast at eksisterande omfang av sanduttak er ei grense for kor langt næringa kan gå: «*Ytterlegare inngrep i Støle-Sørheim-Austrheimterrassen som vil forringe dei samla kulturmiljøverdiane, vil ikkje vere i tråd med nasjonale mål.*» Ut over dette er ikkje areal som er regulert til sandnæring berørt av fredingsforslaget, men store areal er likevel teke ut av fredingsforslaget. Spørsmålet om framtidig sanduttak må regulerast etter plan- og bygningslova. Vedtaket frå Departementet må likevel liggje til grunn også for dette.

Paragraf 19 [etter kulturminnelova](#) skal sikre eit område kring kulturminna [og det soleis,](#) det [klarar sjølv](#) sagt at

[Inga justering.](#)

Omfanget i forslaget samsvarer ikkje med funn av kulturminne. Stort areal, lite potensiale for funn på djupdyrka mark, for mykje detaljstyring i forskrift og forvaltingsplan.

Fredingsforslaget ivaretek ikkje kulturlandskapet, ved at avslutning av sandutvinning grunna sanduttak ikkje gjev eit naturleg bilete av opphavleg landskap, og ikkje legg til rette for framtidig landbruksverksemd.

dette vert større enn funnstadane. Forslaget til areal i fredingssaka er redusert. På djupdyrka areal som vart teke ut av fredingsforslaget i denne prosessen, vart det [seinare](#) gjort funn, i motstrid til synspunktet frå Fykse. Det vil verte auka krav til saksgang for vesentlege endringar, men ikkje til dagleg drift slik den er i dag. [I høve til detaljstyringa er det gjort justeringar i føresegnene, og det er funne best at Forvaltingsplan lagast i samarbeid mellom partane, etter fredingsprosessen.](#) Forvaltingsplan skal sikre at dagleg drift på Stødleterrassen held fram på ein måte som er jamgod med i dag, og gjerne betre.

Det er føremålet til freding etter § 19 å sikre eit areal kring kulturminna. Det kulturlandskapet vi ser på staden i dag er ei god rame kring kulturminnet, og det er ikkje konflikt mellom kulturlandskapet og fredingsforslaget. Avslutning av sandutvinning grunna sanduttak vil skje utanfor ~~det foreslåtteføreslått~~ fredingsarealet. ~~Merknaden er utdatert, dåA~~ arealet er redusert. Det ~~visestvisestvisast~~ her til merknad frå Etne sand og pukk, som skildrar korleis landskapsavslutning er teke med i planoppstart for reguleringsplan for masseuttak i eit område som ligg utanfor ~~det noverandene~~ [føreslåtteframlegg til fredingsarealet.](#)

Stans i sandutvinning kunne teke i vare det naturlege landskapet. Påverknadene frå sandutvinningsnæringa er likevel aksepterte av alle partar, og regulert i plan. ~~Det er eit paradoks når merknadspunktet skildrar opphavleg landskap og framtidig landbruksverksemd.~~

Det er uklart kva ~~omsyn~~ som kjem til syne her. Eit overordna svar er at kulturminnelova som særlov [sine omsyn skal leggjast overstår over](#) dei generelle lovene, som plan- og bygningslova.

Fylkesmannen i Hordaland har bede om at det vert gjort vurdering i høve til ei anna særlov, naturmangfaldslova. Dette er utført.

[Inga justering.](#)

[Inga justering.](#)

Manglande skildring om høve til anna regelverk

Uklar heimel for fredingsforslaget, særleg ved bruk av «kulturmiljø» og «kulturlandskap» ved bruk av § 19.

- Fredingsforslaget vil på kort tid fjerne grunnlaget for direkte og indirekte verdiskaping relatert til sandutvinning. (Sandutvinninga i Etne er mangelvare på nasjonalt plan. To bedrifter og fleire underleverandørar her kobling til næringa.)

Fylkeskonservatoren viser til at ein i denne samanhengen tek i bruk §19-freding, som skal sikre ~~sikre~~-vitskaplege interesser, og verknaden av «kulturminnet i miljøet». Det er utvilsamt at miljøet kring kulturminna på Stødleterrassen er både ein naturformasjon, og eit kulturskapt miljø. Føremålet med redingsfredingaørmålet er difor å sikre både natur- og kulturlandskapet som miljøet kring kulturminna. Føremålet er likevel å sikre desse som omgjevnad – og ikkje som kulturmiljø i seg sjølv. Dersom sjølve kulturlandskapet/kulturmiljøet skulle verte freda ville det verte fremja forslag om freding etter kulturminnelova § 20. Det er ikkje tilfelle. Når ordet kulturmiljø og kulturlandskap er brukt, er det for å femne dei faktiske forholda på staden.

Direktoratet for mineralforvaltning har i tidligare merknad vurdert sandforekomstane til å være av regional betydingviktige i regional samanheng. Det er naturleg å legge dette til grunn. Det er ikkje heilt felles syn i merknadene frå næringsaktørane som driv med sanduttak om at fredinga har negativ konsekvens. Utvinninga av ressursar og omfang av dette er alt avklart i eksisterande planar. Vi viser til Miljødepartementet sitt brev av 9.oktober 2001 med avgjersle i motsegnsak til massetak på gnr. 36, bnr. 5 og 10, der utsagnutsegn av, der det heiter at sandutvinninga no har nådd ei grense. Dette fredingsforslaget er ikkje ei ytterlegare restriksjon.

Fykse næringsutvikling har ikkje konkret vurdert dette på ny. Det er no ikkje kome inn merknader frå dei høyringspartane i 2010-høyringa som då uttala seg til dette – t.d. Norsk Bergindustri, Hordaland bondelag og Stødle Vassverk. Dette kan tyde på at reduksjonen av arealet i stor grad har imøtekome merknadene knytt til infrastruktur, biogass, kulturlandskap m.m. Det kan elles opplysast om at viktig samfunnsmessig infrastruktur generelt er grunn til å gje vedtak om dispensasjon for fredingsvedtak etter kulturminnelova. Fredinga vil ikkje stå i vegen for samfunnsmessig viktig infrastruktur som vatn og straum.

Inga justering.

Inga justering.

	<ul style="list-style-type: none"> Fredingsforslaget vil skape stor uvisse knytt til utvikling og drift av landbruket i området. Auka detaljstyring, auka kostnader, hindring av biogassinnføring, forringa vedlikehald av kulturlandskapet, fordyra vern av kulturminne, fordyre og vanskeleggjort utvikling av infrastruktur, negativ utvikling av folketalsutvikling og lokal-samfunn og ikkje-kjende konsekvensar. 	<p>Det er kome inn 2 fråsegner frå dei 16 grunneigarane på Stødleterrassen i denne høyringa, ein nedgang frå 9 merknader i høyringsrunden i 2010. Reduksjon av fredingsarealet etter innspel frå grunneigarar, kommune og næring har i stor grad minka denne uvissa <u>for landbruket</u>. Merknadene til grunneigarar som driv landbruk er i derimot svara på, jf. ovafor.</p> <p>Spørsmål kring næringsutvikling av landbruket i eit freda område vert gjort i samråd med kommune og aktørane i området, og kan vel være ei utfordring uavhengig av fredingsspørsmålet. Her er til slutt ei rekkje påstandar i høyringsmerknaden frå 2010 som er av generell karakter, og som FykseEtne næringsutvikling kunne ha utdjupa i høyringa no. Det er ikkje gjort.</p> <p><u>Vi kan ikkje sjå eit innlysande svar til merknad om ikkje-kjende konsekvensar. Påstanden ser lite reell ut.</u></p>	
Asplan Viak AS for Etne Sand og Pukk	Etne Sand og Pukk reknar med at fredingsforslaget ikkje vil påverke reguleringsarbeidet deira, då planområdet ligg utanfor grensa til fredingsforslaget. Ber om at innspel med forslag til landskapsavslutning til fredingsforslaget som var på høyring i 2010 vert teke med, og har ikkje andre merknader.	Det pågåande planarbeidet gjeld areal som er utanfor fredingsforslaget, og som vil verte handsama etter plan- og bygningslova. Ved justering av fredingsareal er det teke omsyn til næringa.	
Norconsult for Åsbø sanddrift	<p>Det nye forslaget, ved ein reduksjon på 43%, tek større omsyn til ulike samfunnsinteresser.</p> <p>Meiner framleis det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til dei nasjonale interessene knytt til sandførekomsten i Stødleterrassen, slik tidligare merknader frå Direktoratet for Mineralforvaltning, Norsk Bergindustri og næringsaktørar i området har skildra.</p>	<p>Fredingsomfanget er vesentleg redusert, <u>og vi er ikkje kjent med planar for sanduttak i det arealet som er foreslått freda.</u> Det er etter endringa ikkje kome merknad frå fleire av <u>desse</u> aktørane. Etne sand og pukk <u>har</u> heller ikkje vesentleg motførestilling til fredingsforslaget. Det tyder på at merknadene i stor grad er imøtekome.</p>	

	<p>Saknar grunngeving for fredingsavgrensing, og viser til at andre areal har liknande funnpotensiale til område som er teke ut.</p> <p>Meiner det må takast landskapsomsyn, og at sanduttaket kan tilbakeføre/endre landskapet til ei gunstigare rame kring kulturminna.</p> <p>Tematikken rundt masseuttak som ressurs, og framtidige uttak i området synes lite djuptgåande drøfta.</p> <p>Stiller spørsmål til om enkeltminne på Sørheim er tilstrekkeleg grunnlag for freding etter § 19. Håper det kan vurderast ytterlegare justering av grensene.</p>	<p>Den faglege vurderinga er det ikkje grunn til endre på, noko funna på område som no er teke ut av fredingsforslaget står opp om. Det er teke ut areal av fredingsforslaget etter forslag frå Etne kommune om at desse areala kan handsamast etter plan- og bygningslova i staden for kulturminnelova. Andre stader er det beste for framtidig forvaltning å følgje eigedomsgrenser.</p> <p>Påstanden er ikkje kulturminnefagleg <u>plausibel/haldbar</u>. Endring av landskapet vil ikkje kunne styrke samanhengen kulturminne står i, heller ikkje på Sørheim. Den foreslåtte-foreslegne avslutninga i fredingsforslaget slik det ligg føre no, viser tydeleg kor det eldre landskapet ender, og kor masseuttak har endra landskapsformasjonen. <u>Dette gjer landskapet meir leseleg enn sanduttaksnæringa sitt forslag.</u></p> <p>Høyringsprosessen skal få fram desse synspunkta. Det er kome tydeleg fram i saka at masseuttaka er ressursar, og det er kome gode innspel frå Norsk Bergverk og Direktoratet for Mineralforvaltning i høyringa i 2010. Etter dette er arealet redusert. Dei har ikkje gjeve merknad denne gongen. Vi meiner det er teke omsyn til næringa, og peikar på at <u>sak om</u> masseuttak dels er bakgrunnen for at Riksantikvaren gav Hordaland fylkeskommune i oppdrag å starte opp fredingssaka. <u>Sjå også svar til 3. merknad frå Fykse næringsutvikling.</u></p> <p>Fredinga er utarbeidd etter faglege vurderingar av kva område som trengs for å gje kulturminna på Stødleterrassen ei god rame, og sikre vitskaplege interesser. Dette må ikkje forvekslast med enkeltminna. Det forslaget til freda areal som no er lagt fram, er eit fagleg minimum. Etter dette ser vi ikkje grunn til endring av arealet.</p> <p>Statens Vegvesen har ikkje merknad til fredingsforslaget, og vil ta omsyn til fredingsforslaget i framlegg til trasé.</p>	<p><u>Inga justering.</u></p> <p><u>Inga justering.</u></p>
--	---	--	---

	<p>Kulturminnedokumentasjonen er ikkje oppdatert. Mellom anna er ikkje ny trase til E134 vurdert.</p> <p>Kva vil verte konsekvensen i nærområda til fredingsområdet?</p>	<p>For det formålet denne saka har, er etter vårt syn kulturminnedokumentasjonen tilstrekkeleg grunnlag for å gjere faglege vurderingar av kva areal som trengs sikra.</p> <p>Etne kommune har kome med forslag om at dei areala som er teke ut av fredingsforslaget, vert regulert til omsynssone bevaring etter plan- og bygningslova. Dette vil verte ein lokalt styrt prosess etter plan- og bygningslova, der næringa vil være mellom høyringspartane i saka.</p>	
Statens vegvesen	<p>Dei har teke omsyn til fredingsforslaget slik det ligg føre i planarbeidet for ny europaveg gjennom Etne, og <u>har</u> ikkje <u>andre</u> merknader.</p>	<p><u>Ikkje behov for merknad.</u></p>	
Hordaland fylkeskommune	<p>Hordaland fylkeskommune er høyringspart i saka. Hordaland fylkeskommune gjorde følgjande vedtak i Fylkesutvalet 19.november 2015:</p> <p>1) Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje freding av Støleterassen etter kulturminnelova.</p> <p>2) Hordaland fylkeskommune meiner at plan- og bygningslova gir gode verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Mykje av Støleterassen er allereie freda</p> <p><u>2)</u> gjennom kulturminnelova.</p>	<p>Vedtaket manglar grunngeving, og er slik ikkje enkelt å svare på. For fleire av punkta viser vi til svar til merknader frå Etne kommune.</p> <p>Til etterretning. Riksantikvaren har bede Hordaland fylkeskommune om utarbeiding av fredingsforslag.</p> <p>Det er ikkje rett at mykje at Støleterassen er freda etter kulturminnelova. Ein liten del er freda etter kulturminnelova, ein del er mellombels freda. Denne må avløyast av permanent freding. Omsynssoner vil verte styrande for dei areala som Etne kommune har peika <u>på</u>. Det <u>visestvisast</u> elles til <u>merknad-sak</u> frå Etne kommune, og tilsvar nedanfor.</p>	<p><u>Deler av området er teke ut av fredingsforslaget, etter forslag frå Etne kommune om handsaming av dette etter plan- og bygningslova.</u></p>

	<p>3) Hordaland fylkeskommune meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og ei unødig auke av byråkrati i samband med saksbehandling.</p> <p>4) Fylkesutvalet ber om at Etne kommune vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med Universitetet i Bergen og muséet, lokale styresmakter og grunneigarar. Hordaland fylkeskommune tek initiativ til samarbeidet.</p>	<p><u>Det framlagte forslaget byggjer i stor grad på forslag frå Etne kommune.</u> Hordaland fylkeskommune er i dag regional kulturminnemynde, og har eit dagleg ansvar for slike saker. <u>Jf. også svar til Aune, siste punkt.</u></p> <p><u>Vedtaket vil verte fulgt opp av Hordaland fylkeskommune, i samråd med besluttande mynde. Det vil være naturleg å avvente korleis vedtaks punktet skal oppfølgjast i detalj, til denne saka er avgjort. Dette ligg til Riksantikvaren å vurdere.</u></p>	<p><u>Jf. ovafor, og svar til Aune, siste pkt.</u></p> <p><u>Vedtaket vil verte fulgt opp av Hordaland fylkeskommune når sak om freding etter § 19 er avgjort.</u></p>
Etne kommune	<p>Etne kommune vil ikkje kommentere høyringsfråsegna i første høyringsrunde, men vente og vurdere responsen. Inntil vidare står eit negativt grunnsyn til fredinga ved lag.</p> <p>Dei ber om kommentarer til sin merknad frå 2012, som var retta til det forrige forslaget som var på høyring.</p> <p><u>Til sist visest det saksutgreiinga, som er vedlagt saka, for grunngjeving for vedtak.</u></p>	<p>Det gjer det meir utfordrande å ta til seg arealplanmessige innspel før i siste fase av arbeidet med oversending til Riksantikvaren, noko som kan komplisere arbeidet.</p> <p>Innspelet er kommentert nedanfor, men vert vurdert i høve til det forslaget som no er til høyring.</p>	

Etne kommune sine merknader frå 2012:

- Høyringa i 2012 underbyggjer Etne kommune si negative haldning til freding, og Etne kommune ber Riksantikvaren ta omsyn til lokale syn.
- Mykje av Stødleterrassen er allereie freda etter kulturminnelova. Etne kommune meiner plan- og bygningslova har gode verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området, og ventar at Riksantikvaren diskuterer dette med Etne kommune.
- Verneprosessen har vore mindre god i høve til reell medverknad. Med dette meinest gjennomslag for lokale synspunkt, både med omsyn til fredingssaka og forvaltingsplanen.
- Etne kommune har ikkje fått godt nok svar på spørsmål om heimelsgrunnlaget for fredinga. Det vert forventa at Riksantikvaren går djupare inn i spørsmålet.
- Etne kommune krev at kulturstyresmaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av moderne teknologi.

Også saksutgreiinga er vurdert, der det er aktuelt, til sist nedanfor.

- Området er redusert, etter ei total vurdering av fagleg art, innspel frå lokalsamfunnet, og Etne kommune. Ved høyringa i 2012 kom det inn 9 grunneigarmerknader, og ei rekkje merknader frå masseutvinningsnæringa, totalt 21 merknader. I denne høyringa kom det inn 2 innspel frå grunneigarar, og totalt 8. Dette tyder på at innspelet frå Etne kommune har hatt gjennomslag, og har fungert harmoniserande.
- Kart viser at det er ikkje rett at mykje av Stødleterrassen er freda etter kulturminnelova. Den midlertidige fredinga av deler av terrassen skal avløysast av områdefredinga. Det er i mogeleg grad gjeve tilslutning til løysing skissert frå Etne kommune, og bruk av plan- og bygningslova.
- Framlagte forslag til høyring har gjeve godt gjennomslag for synspunkt frå Etne kommune. Reduksjonen i merknader frå grunneigarane tyder også på dette.
- Riksantikvaren er vedtaksmynde for freding etter kulturminnelova § 19. Vedtaket skal være i tråd med forvaltingslova, også kravet til grunngeving for enkeltvedtak. Jf. elles svar til Aune sin merknad om heimels spørsmålet.
- Hordaland fylkeskommune stiller spørsmål ved heimelen for kravet, og i kva grad det høyrer heime i

- Arealet er redusert, i tråd med innspelet frå Etne kommune om å sikre kulturminneinteresser i deler av arealet etter plan- og bygningslova, så langt det er funne fagleg forsvarleg.
- Jf. kulepunkt ovafor.

— Forvaltingsplanen vil verte utarbeidd i samarbeid med grunneigarar, Etne kommune, og andre involverte partar.

• Synspunktet vil verte formidla til Riksantikvaren i den vidare gangen i saka.

- Kan verte aktuelt å kople dette mot

	<ul style="list-style-type: none"> • Andre samfunnsinteresser som vert berørt av fredinga er framleis ikkje godt nok utgreidd. Kravet er likevel ikkje ei formell konsekvensutgreiing. • • Verneføresegnene i både freding og forvaltingsplan bør formulerast i eit langsiktig perspektiv og være fleksible nok til å ivareta både fredingsføremålet og eigarane sine framtidige behov. Forvaltingsplan må være ferdig før freding vert avgjort. • Krev 300.000 årleg i øyremerkte middel til Stødleterrassen. Stødle kyrkje må følgjast opp av Riksantikvaren. • Det må arbeidast for å få fornfunn tilbake til Etne kommune. 	<p>saksførebuing til freding, men tek synspunktet med vidare i arbeidet. Det kan verte aktuelt å kople det mot Fylkesutvalet sitt vedtakspunkt 4.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Saka har ei lang historie, med fleire høyringsrundar. Det må no kunne leggjast til grunn at alle berørte partar har fått seie sitt, og at avgjerdsgrunnlaget no er tilstrekkeleg. <u>Sjå også svar til 3. merknad frå Fykse næringsutvikling. Saka bør no være tilstrekkeleg opplyst er no opplyst så godt det er råd.</u> • Føresegnene har forsøkt å skildra både verneomsyn og korleis dagleg drift kan føregå. I det langsiktige perspektivet går vernet likevel føre, om det vert eit ynskje om vesentlege endringar. Mindre vesentlege endringar skal det finnast løysingar på, og fleire av høyingssinnspela er teke omsyn til, t.d. parkeringsplass, riving/nybygg, m.m. Forvaltingsplan er eit levande dokument, som skal kunne rullerast med jamne mellomrom. Planen skal utarbeidast i samarbeid med lokalsamfunnet i Etne. Forvaltingsplan har ikkje same tidshorisont som freding. Det er difor ikkje tvingande å kople desse dokumenta. • Freding etter kulturminnelova § 19 utløyser i utgangspunktet ikkje erstatning. Dersom kravet er av anna art bør det rettast ved anna høve. Stødle kyrkje er automatisk freda, og antikvarisk mynde er Riksantikvaren. Det Etne kommune peikar på høyrer til ordinære oppgåver i kulturminneforvaltinga. • Spørsmålet kan ikkje vurderast her. • Den daglege drifta på Stødleterrassen skal ikkje verte dyrare grunna fredinga. Det er heller ikkje automatisk grunnlag for kompensasjon som følgje av freding etter kulturminnelova § 19. Dersom det ved søknad om dispensasjon vert stilt antikvariske krav frå kulturminnemynde som fordyrar tiltaket skal 	<p>Fylkesutvalet sitt vedtakspunkt 4.</p>
--	---	--	---

	<ul style="list-style-type: none"> • Grunneigarar som får ekstrakostnader som følgje av fredinga må få kompensasjon for dette. 	<p>tiltakshavar ha rett på kompensasjon, normalt minst 50 % av ekstrakostnad.</p>	
<p><u>Etne kommune – saksutgreiing til merknader til høyring i 2012</u></p>	<p><u>Prosesen har drege ut i tid, som har prega kjensla av dialog og medverknad. Etne kommune forventer større gjennomslag for lokalt syn.</u></p> <p><u>Etne kommune er stolt av dei nasjonale kulturminneinteressene på Stødleterrassen. Etne kommune kan derimot ikkje sjå at Kulturminnelova § 19 gir heimel for å frede eit 917 dekar stort område på terrassen.</u></p> <p><u>Kommunen tilrår eit redusert fredingsområde jf. vedlagt kart og teiknforklaring datert 17.02.11. Kartet syner også område som i sin heilskap kan styrast etter dagens regelverk og Plan og Bygningslova, ev. sikring gjennom bruk av omsynssoner i arealplan, jf. rettleiar for dette (riksantikvaren 2010).</u></p> <p><u>Ein må i det vidare søkje å få ein lokal aksept for fredinga, i tråd med god forvaltning i vernesaker.</u></p> <p><u>Fredingsframlegget er ikkje godt nok grunngeve opp i mot avgrensingane som ligg i § 19, m.a. for randområda i planen, der avstanden til kulturminna er stor. Det burde vore laga ei landskapsanalyse i ei så viktig sak, som grunnlag for vurdering av storleik på fredingsarealet. Fredingsområda</u></p>	<p><u>I fredingsforslaget som no ligg føre er det i stor utstrekning teke omsyn til innspel frå Etne kommune, om at deler av arealet kan forvaltast lokalt, etter plan- og bygningslova.</u></p> <p><u>Kulturminnelova § 19 har ikkje bestemte grenser for kor store areal som kan fredast. Vingen Helleristningsområde, som er freda etter kulturminnelova § 19, er til dømes på 1700 dekar. Dette forslaget er 521 da stort.</u></p> <p><u>Etne kommune sitt forslag er i stor utstrekning gjeve tilslutning i det arealet som no er framlagt, så langt det er fagleg tilrådeleg.</u></p> <p><u>Dette er det semje om. Det ligg til grunn for det no framlagte høyringsforslaget, og vil ligge til grunn for oppfølging av Etne kommune sitt forslag, samt utarbeiding av Forvaltingsplan i samråd med lokale styresmakter og aktørar.</u></p> <p><u>Grensene til forslaget vart revidert i 2015, nett for å imøtekomme fleire av merknadane om storleik. Kjennskapen til nye automatisk freda kulturminne på Austrheim påvist i 2016 viser at Ffylkeskonservatoren sine faglege vurderingar held vatn. Etter vårt syn er kulturminnedokumentasjonen dekkande for det som her skal utgreiast.</u></p>	<p><u>Hordaland fylkeskommune vil rådgje i samband med regulering av dei områda som er teke ut av fredingsforslaget.</u></p> <p><u>Hordaland fylkeskommune vil rådgje i samband med regulering av dei områda som er teke ut av fredingsforslaget.</u></p> <p><u>Jf. ovafor.</u></p>

må avgrensast til det som reelt trengst for å sikre kulturminna.

Dagens lovverk og verna vassdrag gir allereie god skydd for kulturminneinteressene.

Eit fredingsområde på 917 dekar vil også gi tilsvarande store utfordringar og ekstra byråkrati for alle involverte partar, m.a. forvaltninga, landbruket, grunneigarar, eigarar og teknisk infrastruktur og andre, noko som må takast omsyn til.

På Austrheim er verneverdiane mindre enn i andre deler av planområdet. Etne kommune meiner verne- og samfunnsinteressene her bør avvegast nærare i ein reguleringsprosess for eit ev. massetak på kring 20 dekar. Grunna landskapsomsyn bør hjørna på sandtaka på Sørheim og Austrheim mjukast opp.

Fredingssaka må ikkje vere til hinder for at Stødle kyrkje sine behov for utvida parkeringsplass og gravplass mm kan bli dekkja. Der vil også i framtida vere store arrangement i kyrkja og parkeringsdekninga må tilpassast dette.

Liste over einskildfunn må leggast ved saka, helst med bilete, både fordi det er ein viktig del av kulturhistoria, men også fordi det seier noko om funnpotensialet i området. Framtidig funnpotensiale varierer i ulike deler av terrassen, m.a. fordi det

Dagens lovverk vernar kunberre enkeltobjekta, med omsyn til verna vassdrag har ikkje dette tilstrekkelege føresegner til vern av området kring kulturminna.

Arealet er redusert til 521 dekar. Etne kommune har ikkje gjort realvurdering av det nye forslaget. Merknaden elles er svara på ovafor.

Merknadane til Etne kommune viser seg å vera feil. Sjølv om det ikkje var synlege kjente kulturminne på Austrheim så var det vår faglege vurdering at området har eit potensial for funn, noko som vart stadfesta i 2016. Faglege argument for andre samfunnsområde vart likevel vekta tyngre i 2015, og Austrheim er no ikkje med i forslag til freding. Med omsyn til landskapsverknad i eksisterande plan er dette tilhøve som må fremjast gjennom kommunale kanalar i planform.

Synspunktet er forsøkt løyst gjennom justerte fredingsføresegner. Det er ikkje kome ny merknad om dette frå kyrkja. Fylkeskonservatoren legg ikkje opp til at ei freding skal vera til hinder for bruk av Stødle kyrkje. I dag er det Fylkesveg og jordvern som set dei sterkaste føringane. I dag er det alt opparbeidd ein større parkeringsplass ved kyrkja, og parkering skjer på privat område lenger mot nord. Det ligg til til Etne kommune å greie ut kva som er behovet og leggje fram eit planframlegg.

I samband med freding er det eit lovheimla krav til fagleg dokumentasjon. I denne saka følgjer det og saka. Eit fokus på enkeltelement er positivt, men ikkje eit fagleg krav i saka. Fagleg er dokumentasjonen tufta på alle kjende funn, desse er offentleg tilgjengeleg i Universitetsmuseet i Bergen sine arkiv. Dei funn med

Det er teke omsyn til synspunktet på storleik.

Dette er teke omsyn til forslaget, ytterlegare justering ikkje naudsynt.

Tidligere merknad om Stødle kyrkje er forsøkt teke omsyn til i fredingsføresegner.

Inga ny framstilling er naudsynt.

	<p><u>tidlegare er gjort omfattande planeringsarbeid mange stader.</u></p> <p><u>Regelverket må forenklast for å hindre unødig detaljstyring, m.a. av landbruksdrift i området. Det må vera rom for vidareutvikling av intensivt landbruk i framtida. Fleire av reglane kan formulerast slik at dei primært gjeld i nærleiken av kulturminne (jf. nr 6).</u></p>	<p><u>historiske kvalitetar er alt publisert i ei rekkje skrift og fagleg bøker. I vedlegg til fredinga er det gjort ei framstilling av både funn, kjente fornminne, fjerna fornminne og gamle kart. Dette viser til saman eit utvida bilete av Stødleterrassen sin faglege situasjon, her er det vektlagt eit overordna perspektiv der skjulte og fjerna kulturminne er del av den faglege vurderinga. Her har spor, som i dag er borte, eller gått ut av bruk blitt satt saman med attverande kulturminne. Dette er med så langt det er råd å dokumentere det fagleg potensialet. Dokumentasjonen tar og med ei analyse av gamle kart og viser korleis landskapet på Stødleterrassen er fjerne eller sterkt endra. Når saksutgreiinga til Etne kommune legg fram påstand om at fleire område har lite potensial er dette positivt feil. Sjølv med mykje arrondering av landskapet er det framleis automatisk freda kulturminne på terrasseflatane. Saksutgreiinga til Etne kommune har lagt til grunn ei tentativ vurdering, utan fagleg dekning. Det er vårt syn at den historiske dokumentasjonen lagt ved i saka 2010 viser fleire viktige samanhengar og gjev eit godt grunnlag for fagleg vurdering.</u></p> <p><u>Generelt er innspela frå høyringa i 2010 tatt med, og vurdert på nytt. Føresegnene i høyringsfråsegna frå 2015 er slik forsøkt forenkla, og standardisert i høve til Riksantikvaren sine malar. Freding av Stødleterrassen fører ikkje til ekstra detaljstyring generelt. I forslag til freding er landbruket samstundes trekt fram som den viktigaste faktoren for drift og vedlikehald på Stødleterrassen.</u></p>	<p><u>Fredingsføresegnene er forenkla. Forvaltningsplan er skild ut, og er funne rett å utarbeide i samråd med Etne kommune og lokalsamfunnet i Etne.</u></p>
<p><u>Etne kommune – saksutgreiing til merknader til høyring i 2012 – Innspel til forvaltningsplan</u></p>	<p><u>Fleire merknader frå Etne kommune til forslaget til Forvaltningsplan som var til høyring i 2012.</u></p>	<p><u>Det er funne rett å ikkje utarbeide Forvaltningsplan no, men utarbeide denne i samråd med lokalsamfunnet i Etne og lokale styresmakter.</u></p> <p><u>Alle merknader og innspel frå 2012-høyringa vil verte teke med i det vidare arbeidet med Forvaltningsplan.</u></p>	<p><u>Forvaltningsplan er teke ut av fredingsforslaget, og vil verte utarbeidd i samråd i fellesskap. Innspela vert teke med vidare.</u></p>